



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-232	19/131

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/21	Formannskapet	PS	13.04.2021
019/21	Kommunestyret	PS	22.04.2021

Eigedomskatt på næringsseigedom i Fedje kommune

Vedlegg:

Taksering av næringsseigedomar

Takstprotokoll

Vedlegg 1

Vedlegg 2

Møtebok - Takstutvalet 17.02 (DokID 54518) (4 files merged)

Saksutgreiing:

Bakgrunn

I K-sak 76/95 frå 1995 vart det vedteke at Fedje kommune skulle innføre eigedomskatt på verk og bruk frå og med budsjettåret 1996.

Ved lov av 10. desember 2010 nr. 61 blei «næringsseigedom» innført som nytt utskrivingsalternativ i eigedomsskattelova, jf. § 3. Etter dette alternativet kunne kommunane no også skrive ut eigedomskatt på næringsområde som kontorbygg, hotell, serveringsstadar, butikkar, parkeringshus m.m. som ikkje gjekk inn under alternativet verk og bruk.

Fedje kommune gjorde ikkje noko vedtak om å skrive ut eigedomsskatt på næringsseigedom, men haldt fram med å skrive ut på verk og bruk (§ 3 c)

I 2017 vart det vedteke ei endring i eigedomsskattelova der det ikkje lenger vart mogleg å skrive ut eigedomskatt på verk og bruk med verknad frå 1. januar 2019. Då blei eigedomane og bygningane som tidlegare var verk og bruk endre til å gjelde næringsseigedom i staden.

Jf. eigedomsskattelova § 3 kan kommestyret no skrive ut eigedomsskatt på anten:

a) faste eigedomar i heile kommune, eller

b) faste eigedomar klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygd på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller

c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum,

eller

d) berre på næringsseigedom, kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller

e) eigedom både under bokstav b og c, eller

f) eigedom både under bokstav b og d, eller

g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta

av særskattereglane for petroleum



Fedje kommune

Då kommunestyret i sak 078/18 gjorde vedtak for godkjenning av skatteøre og skattesats – etter endring i eidegdomsskattelova for budsjettåret 2019, blei det ikkje presisert kva bokstavpunkt kommunen skulle skrive ut eidegdomskatt etter. I saksutgreiinga står det at «Skatt på næringsidegdom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum heldt og fram med same maksimalsats som i 2018, det vil seia 7 promille»

Vurdering

I sak 099/20 for budsjettåret 2021 gjorde kommunestyret følgande vedtak: «Skattøren i 2021 vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2021. Skatt i 2021 på næringsidegdom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum: 7 promille.»

Kommunestyret må gjere ei presisering av kva bokstavpunkt i eidegdomsskattelova § 3 dei ynskjer å skrive ut eidegdomskatt etter. Bokstavpunkt **c)** erstattar det som tidlegare var verk og bruk utan næringsidegdomar, mens bokstavpunkt **d)** i tillegg omfattar næringsidegdomar.

Folkehelse – inga konsekvens

Miljø – inga konsekvens

Økonomi – Etter ei taksering av næringsidegdomar i Fedje kommune vedtok takstnemnda å skrive ut eidegdomskatt på til saman kr 398 519 (vedlegg) som ikkje låg med i som grunnlag for rådmannen sitt budsjettforslag for 2021.

Det har i ettertid kome inn krav om overtakst frå to av takstobjekta.

Konklusjon

Kommunestyret må velje ei av alternativa i framlegg til vedtak

Forslag til vedtak:

Kommunestyret presiserer at det i vedtak 099/20 vert skriven ut eidegdomskatt i Fedje kommune for 2021 jf. eidegdomsskattelova § 3, **c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattesats: 7 promille, eller**

Kommunestyret presiserer at det i vedtak 099/20 vert skriven ut eidegdomskatt i Fedje kommune for 2021 jf. eidegdomsskattelova § 3, **d) berre på næringsidegdom, kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattesats: 7 promille.**

Formannskapet - 021/21

F - behandling:

Kamilla Karlsen opplyste at ho eig ein liten del i Feddie Distillery. Det same gjeld kona til ordførar Stian Herøy. Begge eig mindre enn 5 %. Formannskapet vurderte at dette ikkje kunne gje grunnlag for å vere inhabil i saka.

Tilleggsforslaget frå Kamilla Karlsen (Ap) vart samrøystes vedteke.



Fedje kommune

F - vedtak:

Kommunestyret presiserer at det i vedtak 099/20 vert skriven ut eiedomskatt i Fedje kommune for 2021 jf. eiedomsskattelova § 3, *c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattesats: 7 promille.*

Inn mot budsjettbehandlinga i 2022 vert denne saka teke opp att.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 019/21

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret presiserer at det i vedtak 099/20 vert skriven ut eiedomskatt i Fedje kommune for 2021 jf. eiedomsskattelova § 3, *c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattesats: 7 promille.*

Inn mot budsjettbehandlinga i 2022 vert denne saka teke opp att.

Samrøystes vedteke.